

MØTEBOK

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset
Møtedato	17.04.2018
Kl.	10:00

År 2018, 17. april kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Fylkeshuset i Leikanger kommune.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 26. mars 2018. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representantane Gunhild Berge Stang, Jon Olav Kvamme og Stein Faleide Malkenes hadde meldt forfall til tingseta. I deira stad møtte 1. vararepresentant Daniel Gangeskar og 2. vararepresentant Beate Bondevik Lie. For representanten Malkenes møtte ingen vara. Fylkestinget godkjende forfallet til Stang, Kvamme og Malkenes

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SENTERPARTIET:

Jenny Følling
Sigurd Reksnes
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmeseter
Gunn Åmdal Mongstad
Anders Ryssdal
Arnstein Menes
Ole Johnny Stubhaug
Gunn Karin Sande
Erlend Haugen Herstad

ARBEIDERPARTIET:

Åshild Kjelsnes
Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Torbjørn Vereide
Harald Bjarte Reite
Karianne Torvanger
Henrik Oppen
Odd Atle Stegegjerdet
Senea Sabanovic

HØGRE:

Norolv Distad
Sonja Merethe Øvre-Flo
Bjørn Erik Hollevik
Anne Kristin Lilleaasen

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik
Marita Gunn Aarvik

VENSTRE:

Alfred Bjørlo
Daniel Gangeskar

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Beate Bondevik Lie

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob André Sandal

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Sigurd Reksnes og Senea Sabanovic vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene 1 - 9/18 var sendt ut 10. april 2018.

Saklista vart godkjend.

Ordførar i Leikanger kommune, Jon Håkon Odd, helsa fylkestinget.

Fylkeskulturlandskapsprisen 2018 vart delt ut til Lars Grinde, Roald Lunde og Jon Erling Oppedal for deira arbeid med landbruk og skjøtsel i kulturlandskapet Grinde – Engjasete i Leikanger kommune.

Før debatten i sak 1/18 var det følgjande innleiingar:

- Medlem i ekspertutvalet for regionreforma, Tore Eriksen, orienterte om utvalet sitt framlegg.
- Leiar av hovudstyret i KS, Gunn Marit Helgesen, orienterte om KS sitt syn.
- Fylkesordførar Jenny Følling informerte om fylkesutvalet si tilråding.

SAK 1/18 Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane - høyring av ekspertutvalet sin rapport om ytterlegare nye fylkeskommunale oppgåver

Fylkesrådmann Tore Eriksen var inhabil i saka.

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
2. Ekspertutvalet sitt framlegg til overføring av oppgåver vil styrke fylkeskommunane sine moglegheiter til å lukkast som regionale samfunnsutviklar. Framlegget inneber desentralisering av makt, tydeleggjering av politisk ansvar og utvikling av det regionale

demokratiet. I den vidare prosessen er det avgjerande viktig at dei nye folkevalde regionane blir sett økonomisk i stand til å utføre desse oppgåvene.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
 - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjevarperspektiv.
 - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
 - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Vi vil særskilt peike på følgjande:
 - a) Utgreie å gje fylkeskommunane ansvaret for regional samordning innan brann- og ulukkeberedskap.
 - b) Utgreie fylkeskommunen sitt viktige ansvar for internasjonalisering.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 1 i tilrådinga frå fylkesutvalet:

Overføring av oppgåver til regionalt folkevald nivå er ein viktig og uttalt premiss frå Stortinget for heile regionreforma. For Sogn og Fjordane fylkesting sitt vedtak om samanslåing med Hordaland, låg overføring av oppgåver frå stat til fylke som ein premiss. Vi har derfor sterk forventning om at Stortinget følgjer opp eigen intensjon i vidare handsaming av saka.

Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4d:

Forvaltning og drift av vassregionane skal framleis ligge til nye folkevalde regionar.

Avrøyting:

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg om tillegg til punkt 1 vart samrøyistes vedteke.

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti, og tilrådinga frå fylkesutvalet, vart samrøyistes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Overføring av oppgåver til regionalt folkevald nivå er ein viktig og uttalt premiss frå Stortinget for heile regionreforma.

For Sogn og Fjordane fylkesting sitt vedtak om samanslåing med Hordaland, låg overføring av oppgåver frå stat til fylke som ein premiss. Vi har derfor sterk forventning om at Stortinget følgjer opp eigen intensjon i vidare handsaming av saka.

2. Ekspertutvalet sitt framlegg til overføring av oppgåver vil styrke fylkeskommunane sine mogleigheter til å lukkast som regionale samfunnsutviklarar. Framlegget inneber desentralisering av makt, tydeleggjering av politisk ansvar og utvikling av det regionale demokratiet. I den vidare prosessen er det avgjerande viktig at dei nye folkevalde regionane blir sett økonomisk i stand til å utføre desse oppgåvene.
 3. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
 4. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særlig må følgje opp at:
 - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjøarperspektiv.
 - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
 - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
 - d) Forvaltning og drift av vassregionane skal framleis ligge til nye folkevalde regionar.
 5. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Vi vil særskilt peike på følgjande:
 - a) Utgreie å gje fylkeskommunane ansvaret for regional samordning innan brann- og ulukkeberedskap.
 - b) Utgreie fylkeskommunen sitt viktige ansvar for internasjonalisering.
-

SAK 2/18 Forvaltningsrevisjon av innkjøp - Revisjonsrapport

Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til etterretning
2. Fylkestinget ser alvorleg på dei avvika som kjem fram i forvaltningsrevisjonen. Fylkestinget meiner og at fylkesrådmannen ikkje har orientert politisk nivå om kapasitets- og ressurssituasjonen i innkjøpstenesta på ein tilstrekkeleg måte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik:
 - a. oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk

- b. syte for at rutinar og retningsliner er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
 - c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremålstenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen
 - d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov
 - e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekkje brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar
 - f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd
 - g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekka i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane
 - h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region
 - i. sikre tydelegare krav til bestillarrolla i den nye regionen
4. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å løfte desse to siste punkta inn i det førebuande arbeid som pågår i høve etablering av den nye fylkeskommunen.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde tilbake til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2018.

Avrøysting:

Punkta 1, 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.
Punkt 2 vart vedteke mot 12 røyster.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til etterretning
2. Fylkestinget ser alvorleg på dei avvika som kjem fram i forvaltningsrevisjonen. Fylkestinget meiner og at fylkesrådmannen ikkje har orientert politisk nivå om kapasitets- og ressurssituasjonen i innkjøpstenesta på ein tilstrekkeleg måte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik:
 - a. oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk
 - b. syte for at rutinar og retningsliner er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
 - c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremålstenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen
 - d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov
 - e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekkje brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar
 - f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd
 - g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekka i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane
 - h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region
 - i. sikre tydelegare krav til bestillarrolla i den nye regionen
4. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å løfte

desse to siste punkta inn i det førebuande arbeid som pågår i høve etablering av den nye fylkeskommunen.

5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde tilbake til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2018.
-

SAK 3/18 Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane - rapport

Representantane Torbjørn Vereide og Anders Ryssdal bad fylkestinget vurdere habiliteten deira.

Fylkestinget fann Vereide inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 1. Fylkestinget fann Ryssdal habil, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

VEDTAK:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane» ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Stille krav til rapportering frå MiSF i samband med tildeling av driftstilskot.
2. Vurdere å utarbeide rutinar som gjer det tydeleg korleis fylkeskommunen skal følgje opp tildelt driftstilskot, og dei forventningar som er formidla ved tildeling av tilskot til MiSF .
3. Utarbeide rutinar, årshjul eller liknande der faste møtepunkt mellom fylkeskommunen og MiSF er inkludert, og der det går fram både kven som er ansvarleg for å gjennomføre møta og kva som er føremålet.
4. I samarbeid med MiSF, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.
5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane» oppmodar fylkestinget **Stiftinga musea i Sogn og Fjordane** å syta for å:

1. Sikre at det med utgangspunkt i stiftinga sitt føremål blir fastsett tydelege og oppdaterte mål og delmål for MiSF, og at det blir etablert system for jamleg evaluering av måloppnåing.
2. Sikre at ansvarsdeling og forventingar i organisasjonen blir tydeleggjort gjennom arbeidet med organisasjonsutvikling som no er sett i gang i MiSF.
3. Vurdere å utarbeide ein plan med tilhøyrande tiltak for å arbeide med felles kulturbygging på tvers av avdelingane
4. I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.
5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

SAK 4/18 Fylkesvise mobbeombod.

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Det vert etablert ei ordning med mobbeombod i Sogn og Fjordane etter nasjonalt mandat gitt av Utdanningsdirektoratet. Ordninga gjeld i perioden 01.08.2018-31.12.2019.
- 2 Ei 100% stilling som mobbeombod skal organisatorisk inngå i fylkesrådmannen sin stab.
- 3 Dette ombodet blir finansiert med 50% statlege midlar og 50% fylkeskommunale midlar.
- 4 Den fylkeskommunale delen vil fylkestinget kome attende budsjettrapporten pr. 1. tertial 2018.

Endringsframlegg:

Fylkestinget sette fram slikt framlegg til nytt punkt 5:

Det skal oppretta ein «mobbeknapp» på heimesida til alle dei vidaregåande skulane, som eit lågterskeltilbod for å melde frå om mobbing.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesutvalet, og tillegg frå fylkestinget, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Det vert etablert ei ordning med mobbeombod i Sogn og Fjordane etter nasjonalt mandat gitt av Utdanningsdirektoratet. Ordninga gjeld i perioden 01.08.2018-31.12.2019.
 - 2 Ei 100% stilling som mobbeombod skal organisatorisk inngå i fylkesrådmannen sin stab.
 - 3 Dette ombodet blir finansiert med 50% statlege midlar og 50% fylkeskommunale midlar.
 - 4 Den fylkeskommunale delen vil fylkestinget kome attende budsjettrapporten pr. 1. tertial 2018.
 - 5 Det skal oppretta ein «mobbeknapp» på heimesida til alle dei vidaregåande skulane, som eit lågterskeltilbod for å melde frå om mobbing.
-

SAK 5/18 Overføring av fylkeskommunal lånegaranti for Førdepakken til Ferde AS

VEDTAK:

1. Sjølvskuldnergariantien gjeve til Førdepakken bomselskap AS i FT-sak 43/13, på samla 600 mill. kr, vert overført til Ferde AS. Garantien gjeld låneneopptak til prosjekt i Førdepakken, og varer til 31.12.2027.
 2. Garantien skal godkjennast av kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. kommunelova § 51, 1 pkt.
-

SAK 6/18 Årsrapport 2017 - konsesjonskraft og finansportefølje

VEDTAK:

Fylkestinget tek årsrapporteringane for 2017 på konsesjonskrafa og finansporteføljen til orientering.

SAK 7/18 Søknad om tilskot til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn

VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit eingongstilskot på 3 mill. kr til etablering av hangar på Sogndal lufthamn, Haukåsen, på følgjande vilkår:
 - a. Prosjektet må vere fullfinansiert.
 - b. Det er ein føresetnad for tilskotet at oppstart av bygging skjer i løpet av 2018.
 - c. Utbetalinga av tilskotet vil skje i løpet av første halvår i 2019.
 - 2 Tilskotet vert finansiert av tilgjengelege fondsmidlar, bufferfondet.
-

SAK 8/18 Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019 - 2021

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent.
2. Årlege planleggingsmidlar vert fordelt i samband med handsaming av dei årlege budsjetta.

Endringsframlegg:

Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget legg til grunn at detaljplanlegging av Atløysambandet vert starta opp i 2018 og fullført i 2019. Finansiering 2018 vert behandla i samband med tertialrapport.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget legg til grunn at arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet vert starta opp i 2019 med fullføring innan 2021.

Avrøyting:

Framlegget frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti fekk 10 røyster og vart forkasta.

Framlegget frå Senterpartiet, og tilrådinga frå fylkesutvalet, vart deretter samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent.
 2. Årlege planleggingsmidlar vert fordelt i samband med handsaming av dei årlege budsjetta.
 3. Fylkestinget legg til grunn at arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet vert starta opp i 2019 med fullføring innan 2021.

SAK 9/18

Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane 2018-2022 vert vedteken slik den ligg føre.

Fylkestinget syner til vedtak i fylkestingssak 54/16 om at Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal reviderast i 2018, med særleg sikte på at føresegna ikke skal vere til hinder for større handelsetableringer i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Fylkestinget føreset at fylkesrådmannen følgjer opp dette vedtaket.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

4.2, kulepunkt 2

Tillegg: Leikanger sin rolle som administrasjonsstad i fylket, med samlokalisering av etatar frå ulike forvaltningsnivå, bør vidareførast.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Side 6, Endring av kulepunkt om Sogndal:
Sogndal er regionsenter i Sogn. Nye Sogndal kommune er naturleg lokaliseringsstad for offentlege - og private tenester som skal dekke heile regionen Sogn og heile fylket.
Sogndal og Leikanger bør også i framtida vere ein sentral lokaliseringsstad for offentleg - administrativ verksemd i det nye Vestland fylke.
 2. Side 5, endre kulepunkt 3 til:
Nye bustadområde i tettstaden bør planleggjast i gå- og sykkelavstand frå sentrum definert i kommune og reguleringsplan.
 3. Side 5, endre kulepunkt 12 til:
Det skal takast omsyn til matjord, kulturminne, kulturhistoriske.....
 4. Side 6, endre kulepunkt 4 – ny 2. setning; «Nordfjord skal og ha regionsenterfunksjonar». Stryk «internt i regionen» i 3. setning. Resten står som i framlegget.
 5. Nytt punkt om digitalisering under kapittel om Sterkare bu – arbeids og serviceregionar: «Digitalisering må brukast som eit aktivt verkemiddel for å styrke sentra i Sogn og Fjordane sin regionale, nasjonale og internasjonale posisjon. I alle kommunane bør det utviklast profesjonelle digitale møteplassar som kan nyttast av offentlege og private

verksemder. Breibandsutbygging og anna digital kommunikasjon er viktig infrastruktur som gjer at fylket kan ta ein leiande posisjon i moderne dataknologi».

Avrøyting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Punkt 1 i framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Punkt 2, 3 , 4, 5 og 6 i framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedtekne.

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane 2018-2022 vert vedteken slik den ligg føre, med følgjande endringar:

1. Side 6, Endring av kulepunkt om Sogndal:
Sogndal er regionsenter i Sogn. Nye Sogndal kommune er naturleg lokaliseringsstad for offentlege - og private tenester som skal dekke heile regionen Sogn og heile fylket.
Sogndal og Leikanger bør også i framtida vere ein sentral lokaliseringsstad for offentleg – administrativ verksemd i det nye Vestland fylke.
2. Side 5, endre kulepunkt 3 til:
Nye bustadområde i tettstaden bør planleggjast i gå- og sykkelavstand frå sentrum definert i kommune og reguleringsplan.
3. Side 5, endre kulepunkt 12 til:
Det skal takast omsyn til matjord, kulturminne, kulturhistoriske.....
4. Side 6, endre kulepunkt 4 – ny 2. setning; «Nordfjord skal og ha regionsenterfunksjonar». Stryk «internt i regionen» i 3. setning. Resten står som i framlegget.
5. Nytt punkt om digitalisering under kapittel om Sterkare bu – arbeids og serviceregionar (side 36): «Digitalisering må brukast som eit aktivt verkemiddel for å styrke sentra i Sogn og Fjordane sin regionale, nasjonale og internasjonale posisjon. I alle kommunane bør det utviklast profesjonelle digitale møteplassar som kan nyttast av offentlege og private verksemder. Breibandsutbygging og anna digital kommunikasjon er viktig infrastruktur som gjer at fylket kan ta ein leiande posisjon i moderne dataknologi».
6. Side 36, punkt 4.2, tillegg i kulepunkt 2:
Leikanger sin rolle som administrasjonsstad i fylket, med samlokalisering av etatar frå ulike forvaltningsnivå, bør videreførast.

Fylkestinget syner til vedtak i fylkestingssak 54/16 om at Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal reviderast i 2018, med særleg sikte på at føresegna ikkje skal vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Fylkestinget føreset at fylkesrådmannen følgjer opp dette vedtaket.

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 17. april 2018 på Fylkeshuset, Leikanger kommune, var slutt kl. 17.15

